



OLASTØL ca. 550 moh

*Olastøl ca. 1912, utsikt retning Skåndalshorgi. Her går elva nærare stølshusa enn i dag. Elva vart flytta i samband med regulering av Krokavatnet
Foto: Johan J. Havaas*

Olastøl ligg i nærleiken av Krokavatnet

og var opprinneleg Folkedalsstølar. Kring år 1900 vart Olastøl seld frå brukarar i Nedre Folkedal til Haugsnes. Magne Dale frå Voss eig og støl her. Det var bruket i Elvatun som selde til Kolbein Ellingsen Dale i 1880.

Havås har og stølsrett her. Marta Havås (f. Steingrimsteigen) kjøpte alt i 20-års alderen, 1903, stølsrett på Olastøl av Ivar Nilsen Bilden for kr 300,-. Ho leigde ut stølhuset og stølsretten og fekk såleis litt inntekt på dette. Seinare, ca. 1973, vart ei gammal stove frå Havås vart frakta ut med helikopter og sett opp vegg i vegg med gamlaselet. Det var ikkje køyreveg til Olastøl på denne tida.



“Teigaselet” (tilh Havås) ca 1920. Ukjende budeier, selet var utleigesel. Foto: Olav Holm, Odda.

Det er 4 gamle stølshus/sel på Olastøl med tilhøyrande løer/ut-hus. Det er eit fint stølsområde og det hørde trøe med som vart hausta.



Haugsnesfolket slutta støla her omlag 1950, medan Liv Dale og Borghild Dale var budeier her i 45 somrar, frå 1959 til 2003.

På 1980-talet kom det bilveg til Olastøl og då var det mange som kom og kjøpte seg mjølk, rjome og smør her.

..

GOD TUR! Granvin turlag

Kjelder:

«Stølane i Granvin» av Torbjørn Seim Lokalkjende.

*Dei øvste stølshusa på Olastøl, 2007.
Foto: Arne Jørgen Havås*